

REGLEMENT FOR HÆGEBOSTAD FORMANNSKAP

Vedtatt av kommunestyret den 29.02.2024

§ 1 OPPRETNING/VAL OG SAMANSETJING

Formannskapet er oppretta i.h.t. KL. § 5-6. Formannskapet skal bestå av 5 medlem. Valet skjer etter kommunelova sine reglar om val av formannskap, jf. KL. § 5-6.

Ordføraren er leiar og varaordførar er nestleiar, jf. Kl. § 6-1.

§ 2 ANSVAR OG MYNDE

Hægebostad kommune har ikkje andre faste utval enn formannskapet med unntak av kontrollutval, administrasjonsutval, samt fellsråd for eldre og or personer med nedsett funksjonsevne. På denne bakgrunn behandlas derfor stort sett alle forvaltningssaker i formannskapet.

Det nemnes kort forvaltningssaker innan: jord og skogbruk, og konsesjonslov, bygnings- og reguleringsverksemd, kultur, helse- og sosial, skule- og barnehage, motorferdsel og miljøvern, plansaker, jakt og fiske, næringsaker/næringsfond, plan og byggenemnd (kommunale bygg og anlegg) Vegstyresmakt jf. Vegloven § 9, plannemnd etter plan- og bygningsloven, samt andre område som naturleg kjem inn under kommunen sitt forvaltningsansvar. Andre saker som kor dette i.h.t. særskilt lov/reglement er tillagt eit anna organ, samt andre saker av prinsipiell betyding. Saker etter § 9 og § 12 i Lov om jord er ikkje delegert til formannskapet.

I forhold til økonomi skal formannskapet behandla økonomiplan og årsbudsjett m.v. jfr. Kl. 14-3.

Vidare er formannskapet **kommunens administrasjonsutval** jf. KL § 5-11 men er da utvida med 3 representantar frå de tilsette sine organisasjonar.

Formannskapet er klagenemnd jf. Forvaltningslovens § 28 andre ledd. I saker kor heile den kommunale administrasjon/formannskapet ikkje kan gje innstilling, skal sakene leggst fram for kommunestyret utan innstilling.

Avgjerdsmynde blir delegert til formannskapet i alle saker kor det ikkje i kommunelova eller særlovgjevinga eller andre reglement godkjent av kommunestyret, er bestemt at kommunestyret sjølv må treffe avgjerle.

Formannskapet gjer vedtak i saker som er lagt til organet, og innan dei retningslinene som er fastsett i lov, heimla i lov eller vedtatt i kommunestyret, jfr. blant anna delegasjonsreglement. Formannskapet gir i andre saker, innan sine saksområde, innstilling direkte til kommunestyret.

§ 4. VIDAREDELEGASJON.

Formannskapet kan delegere avgjerdsmynde så langt ikkje anna kjem fram av lov, i

medhald av lov eller kommunestyrevedtak.

Delegasjon til administrasjonen skal skje til kommunedirektøren, jf. kl. § 13-1.

§ 5. UTVIDA MYNDE I HASTESAKER- KL. § 11-8

I saker, innanfor formannskapet sitt arbeidsområde, som skal avgjerast av kommunestyret sjølv, vil formannskapet kunne treffe vedtak, når det er nødvendig at vedtak blir treft så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret.

Melding om vedtak i medhald av denne bestemming blir lagt fram for kommunestyret i fyrste møte etter at vedtaket blei leke av formannskapet.

§ 6. SAKSHANDSAMINGA.

For sakshandsaminga i formannskapet gjeld reglane i kommuneloven og utfyllande reglar i politisk sakshandsamingsreglement gitt av kommunestyret.

§ 8. IKRAFTTREDEN

Reglementet trer i kraft straks, og gjelder for valgperioden, samt inntil nytt reglement er vedtatt.